



RENEVO AS
Postboks 1201 Heiane
5406 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon
Toril M Mulen, 5764 3127

Vi tek tilbakemeldinga frå verksemda til etterretning. Vi vedtek ikkje stans i mottak av avfall for biogassanlegget til Renevo AS på Eldøyane i Stord.

Vi vedtek pålegg om målingar, analyser og rapportering.

Vi tek tilbakemeldinga frå verksemda datert 30. juni 2023 til etterretning. Verksemda legg fram estimering på at biogassanlegget på Eldøyane på Stord vert drifta innanfor luktgrensa fastsett i vilkår 5.2 i løyvet datert 30. august 2019. Vi vedtek difor ikkje stans i mottak av avfall som varsla i brev datert 23. juni 2023.

Vi vedtek pålegg om analyser av indikatorgassar for lukt i utsleppet kvar dag frå og med 30. juni til og med 23. juli 2023. Vi vedtek pålegg om rapportering av desse gassmålingane ein gong i veka, første gong 7. juli 2023.

Vi viser til vårt tilsyn 19. april 2023 og inspeksjonsrapport datert 3. mai 2023. Vi viser til verksemda sine brev datert 12. juni og 21. juni. Vi viser til vårt brev datert 23. juni og verksemda sitt svar datert 30. juni 2023.

I vårt brev datert 23. juni 2023 varsla vi at vi vurderer stans i mottak av avfall. Vi viste til Nemko Norlab sine luktmålingar som vart gjennomførte 23. og 24. mai 2023 og som viste at utsleppsgrensa for lukt ikkje vart overhalden.

Tilbakemelding frå Renevo AS på vårt varsel om at vi vurderer stans i mottak av avfall:

1. Verksemda legg fram estimerte data datert 30. juni 2023 på at dei driftar biogassanlegget på Eldøyane på Stord innanfor luktgrensa fastsett i vilkår 5.2 i løyvet datert 30. august 2019.
2. Notatet frå Nemko Norlab datert 30. juni 2023 estimerer at luktrisiko for dei mest berørte boligane er vurdert frå liten til middels, medan bidragskonsentrasjonen er estimert til $1 \text{ ou}_E/\text{m}^3$ som er innanfor luktgrensa i løyvet.

Tiltak Renevo AS har iverksett på anlegget etter luktmålingane i mai 2023:

1. Verksemda har slutta å ta imot fiskeensilasje (siste dato 26. mai 2023)
2. Verksemda har tømt og vaska tanken der fiskeensilasje har vore oppbevart (21. juni 2023)



3. Verksemda har installert to barkfilter før ioneplasmafilteret (installert henholdsvis 21. juni og 29. juni)
4. Verksemda har installert tilbakeslagsventil på røra som leier motteke avfallssubstrat til lagertankane
5. Verksemda har innført rutine med reinsing og vask av ventilasjonsrøra slik at begroing ikkje skal oppstå

Vedtak om målingar, analyser og rapportering kvar veke

Vi vurderer at det er naudsynt å pålegge Renevo AS å måle indikatorgassar for lukt i utsleppet kvar dag frå og med 30. juni til og med 23. juli 2023. Vi vedtek pålegg om rapportering av desse gassmålingane ein gong i veka, første gong 7. juli 2023. Dersom målingane er stabile kan målingane reduserast til 2 gongar i veka etter 23. juli 2023. Vi viser til vårt varsel om analyser og rapportering kvar veke i brev datert 23. juni 2023.

Heimel for vedtaket

Heimel for pålegg om analyser og rapportering kvar veke er forureiningslova § 51.

Eventuell klage

Verksemda kan klage på vedtaket i dette brevet, jamfør § 28 i forvaltningslova, innan tre veker etter at dette brevet er motteke. Ein eventuell klage bør vere grunngjeven, skal stilast til Miljødirektoratet og skal sendast hit.

Statsforvaltaren si vurdering av tilbakemeldinga frå Renevo AS datert 30. juni 2023

Mengda lukt som anlegget genererer har vore vesentleg høgare enn det verksemda informerte om i søknaden. Det viser luktmålingane som vart utført av Nemko Norlab 23. og 24. mai i år. Verksemda har ikkje gjennomført ny luktmåling etter 23. og 24. mai, men har gjennomført luktrisikovurdering og spredningsberekningar basert på målingar av indikatorgassar som estimerer at verksemda held luktkrava. Vi vurderer det difor slik at det ikkje er grunnlag for å pålegge stans i mottak av avfall til biogassanlegget til Renevo AS på Stord per no.

Renevo AS har i brev datert 30. juni orientert om at verksemda inntil vidare har slutta å ta imot fiskeensilasje og at de har tømt og vaska tanken der fiskeensilasje har vore oppbevart. Dette vurderer vi til å vere eit vesentleg tiltak for å begrense lukt. Vi set dette som ein forutsetnad for våre vedtak i dette brevet.

Renevo AS må framover gjere målingar av hydrogensulfid (H₂S) og andre gassar som indikerer storleiken på luktsleppet. Målingar må gjerast hyppig nok til å dokumentere utviklinga i utsleppa. Vi meiner verksemda må halde fram med daglege målingar av indikatorgassar og gjer vedtak i dette brevet om pålegg om målingar, analyser og rapportering. Verksemda kan ikkje berre gjere målingar og sende inn rapportering. Verksemda må gjere ei vurdering av korleis resultatet av målingane av indikatorgassane er sett opp i mot luktkravet i løyvet.

Vi minner verksemda om at de framleis må sende inn oversikt over luktklager kvar månad, og kva tiltak de har gjort sidan sist. Vi viser til vedtak i inspeksjonsrapporten datert 3. mai 2023.

Verksemda har i si tilbakemelding til oss skissert at de til hausten, i tillegg til dei tiltaka de har gjort til no, vil installere eit kullfilter etter ioneplasmafilteret, og at de skal få på plass eit trinn med avfukting av lufta før reinsettrinnet med ioneplasmafilter. Det er forventningar til at ioneplasmafilteret vil fungere enno betre når lufta er tørrare.

¹ ou/s er luktmengde

² ou_E/m³ er luktkonsentrasjon



Vi forventar at verksemda går vidare med å utbetre anlegget og at reinsetrinn fase II (avfukter og kullfilter) vert sett i verk som førespegla.

Med helsing

Sissel Storebø
fung. miljødirektør

Toril M Mulen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

STORD KOMMUNE

Postboks 304

5402

STORD

¹ ou/s er luktmengde

² ou_E/m³ er luktkonsentrasjon